

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Viviann Kjøpstad	HistSak - 11/2257, FA - L13, NPlanID - 12532012002	14/9

Saknr	Utval	Type	Dato
017/14	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	12.03.2014

KLAGE PÅ VEDTAK AV 12532012002 DETALJREGULERING FV 567 LOFTÅS-HAUGE GANG- OG SYKKELVEG

Vedlegg:

Til Osterøy Kommune vPlan - vedr. detaljregulering FV567 Loftås - F_1831

Klage på gang- og sykkelveg FV 567-Trond Vevle

Sakspapir - DETALJREGULERING - FV 567 - LOFTÅS - HAUGE - GANG OG SYKKELVEG (L)(472178)

Framlegg til vedtak:

Plan- og kommunalteknisk utval har i medhald av plan- og bygningslova §1-9 handsama innsendte klager på vedtak av reguleringplan for Fv567 Loftås-Hauge, plannummer 1253 2012 002, jf. forvaltningslova kap. VI § 28 - 36. Klagene vert ikkje tekne til følgje og vert oversendt Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Saksopplysningar:

SAMANDRAG

Plan- og kommunalteknisk utval vedtok detaljregulering for FV 567-Loftås- Hauge ved 2.gongs handsaming 04.12.13. Føremålet med planen var utbetring av vegen og å legge til rette for gang- og sykkelveg frå Hauge og fram til eksisterande gangveg ved avkjørsle til Loftås bustadfelt. Det er kome inn to klager i samband med detaljregulering av trasé FV 567 Loftås- Hauge.

FAKTA

Dei to klagene er sett fram av grunneigarar. Den første, dagsett 13.12.13, gjeld krav om faktisk måling istaden for bruk av metode for berekning av støy i reguleringsplanen. Denne er referert til som klage 1. Klage nummer to, dagsett 06.01.14, viser til at i føresegnt til detaljregulering av trasé FV 567 Loftås- Hauge § 3.2.4 er det formulert at gards og bruksnr 4/7 skal ha tilkomst til hovudveg via felles avkjørsel f_KV21. Klagar viser til gjerde som er der i dag og meiner at Vegvesenet også må tilrettelegge tilgang til veg.

Samandrag av klage 1:

Klagar viser til at det er berekna støynivå på 63 dB(A) og dette er like under grensa for å vere

kvalifisert for støydempande tiltak. Klagar meiner det faktiske støynivået er høgare enn berekna støynivå og krev faktisk måling av støy i staden for berekning av støy.

Samandrag klage 2:

Klage 2 viser til føresegns 3.2.4 Avkørsel: Gårds- og bruksnummer 4/7 skal ha tilkomst til hovudveg via felles avkørsel f_KV21. Klagar viser til at det er opna for tilkomst til hovudveg via naboeigedom. Det er i dag eit gjerde mellom desse to eigedomane. Ettersom den vedtekne avkjørselen er bestemt meiner klagar at Statens Vegvesen også må tilrettelegge adkomst/tilgang til gnr. 4 bnr. 7 via den nye avkjørselen.

Rådmannen sine vurderingar:

Klage 1 gjeld støy. I samband med reguleringsplanen vart det laga ein rapport «Vurdering av støy ved eksisterende bebyggelse» datert 10.10.2012. Utdrag frå rapporten er i planomtalens. Rapporten er bygd på «Veileder – Miljøverndepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)». I T-1442 er det skildra at det er berekning av støy som blir brukt i samband med plansaker pkt 9.1: *Beregning av støy benyttes ved utarbeiding av støysonekart og i prognosering for støy i forbindelse med plansaker og byggesaker.*

Vidare er det skildra når det gjeld måling av trafikkstøy i punkt 9.2.8 *Måling*
Måling av vegtrafikkstøy er ikke nødvendig annet enn i spesielle tilfeller. De beregningsmetodene som foreligger er basert på et omfattende empirisk grunnlag og et anerkjente teoretisk grunnlag. De gir derfor som oftest det beste estimatet av støybelastningen.

Sjå også vedlegg med uttale frå Vegvesenet i høve til aktuelle reguleringsplan og berekning av støy i reguleringsplanar generelt.

Rådmannen viser til at det her gjeld eksisterande veg og dermed også dagens situasjon. Det er ikkje venta trafikkauge som følgje av det regulerte tiltaket. Rådmannen kan ikkje sjå at dette kan reknast som spesielle tilfelle som rettleiar T-1442 viser til, og vurderer dermed at sak er godt nok utgreidd og tilstrekkeleg opplyst, jf Forvaltningslova(Fvl) § 17 1 ledd. Ein vurderer at eventuelle avbøtande tiltak er av privatrettsleg karakter. På bakgrunn av dette rår rådmannen til ikkje å ta klagen til følgje.

I høve til klage 2 har detaljregulering for FV 567-Loftås-Hauge med føresegner opna for tilkomst på veg via felles avkørsle f_KV21. Det er i dag ikkje tilkomst til veg frå alle eigedomar og detaljreguleringa legg opp at det er mogleg med tilkomst via nokre felles avkørsler. Tilrettelegging av fysiske tilhøve og/eller avtale om bruk av annan manns eide eiendom er privatrettslege tilhøve som ikkje er regulert etter Plan- og bygningslova. Rådmannen rår difor til at ein ikkje tek klagen til følgje.

Plan- og kommunalteknisk utval - 017/14

PL - behandling:

AVRØYTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PL - vedtak:

Plan- og kommunalteknisk utval har i medhald av plan- og bygningslova §1-9 handsama innsendte

**klager på vedtak av reguleringplan for Fv567 Loftås-Hauge, plannummer 1253 2012 002, jf.
forvaltningslova kap. VI § 28 - 36. Klagene vert ikke tekne til følgje og vert oversendt
Fylkesmannen for endeleg avgjerd.**